

**Etter branntilsyn i Uskedalen Oppvekstsenter påpeikar branningeniør Stein Kyre Kvinge at det er nytta brennbart materiale på veggane i rømningsveg både i dei gamle garderobane, i inngangsparti til aktivitetshuset og i korridor ved hovudinggangen på skulen. Det er også sett opp ein skillevegg i tre utanfor barnehagen.**

Det brennbare materialet er også påpeika tidlegare. I samband med dette er det sagt at ein vil vurdere ulike løysingar, som fjerning av dei brennbare materiala eller bruke brannhemmande maling. Eigaren må her sjølv vurdere kost7nytte, skriv Kvinge.

Han slår fast at brannhemmande maling vil betra rømningsstrykgleiken noko, men det vil auka faren for totalbrann då malinga berre forseinkar og ikkje hindrar antenning ved brannpåverking av materialet.

Fjerning av dei brennbare materiala vil redusere faren for totalbrann, men dette kjem og i stor grad an på kvaliteten av branncellebegrensande bygningskonstruksjonar, konkluderar branningeniøren.

Han påpeikar også fleire mørke markeringslys, at elkontakt ved telefon i Bamse bu er skada og straumadapter til telefonen delvis knust og at lampe i taket ved alarmtavle var riven ned og hang etter leidningane.

Det mangla også oppdaterte brannteikningar for bygget.

Av Ola Matti Mathisen